

# Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING  
2020

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2020.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

---

## 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2011 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

---

## 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Utvalet har for valperioden 2019–2023 følgjande medlemmer:

### Faste medlemmer

Leiar **Odd Magne Lønseth** (Ap)  
Nestleiar **Øyvind Djuv** (H)  
Medlem **Laura Seltveit** (Ap)  
Medlem **Ola Magnar Birkeland** (Sp)  
Medlem **Lillian Nordengen** (Sp)

### Varamedlemmer

1. Lisa Stornes (SV)  
2. Egil Bakke (Ap)  
3. Katrine Skorpe Nærheim (H)  
4. Jon L. Grindheim (Sp)

Ola Magnar Birkeland er utvalet sin kommunestyrepreressant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Laura Seltveit gjekk bort hausten 2020. Kommunestyret vil velja nytt fast medlem til utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på tre av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert eller kalla inn. Han har møtt på tre av fire møte. I tillegg har økonomisjef møtt saman med rådmannen i eit møte og orienterte om regnskapssaka i mai.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider ([www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2020

---

Kontrollutvalet har i 2020 hatt **4** ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held sine møte på rådhuset.

Utvalet har hatt **24** (23) saker til handsaming, kor **6** (6) saker blei vidaresendt til kommunestyret. **32** (32) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga

På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland 9. januar deltok Seltveit og Djuv. På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i januar var det ingen frå Sauda som deltok. Konferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni blei avlyst som følge av koronapandemien.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytt til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i det digitale møtet 14.05.20, sak 6/20 kommunen sin årsrekneskap for 2019 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapan gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 15,4 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Årsrekneskapan viste eit positivt netto driftsresultat med 25,8 mill. kr, som utgjer 4,6 % av driftsinntektene. Resultatet var godt over teknisk berekningsgrunnlag sitt anbefalte nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

Skatterekneskapen for 2019 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 13.02.20.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det regelmessig vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Ny plan for perioden 2020 - 2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.10.20, sak 104/16.

Arbeidet med planen starta på nyåret med ein workshop og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko. Utvalet drøfta planen i september og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. Personalpolitikk og ansettelser
2. Innkjøp – kontraktsinngåelse/oppfølging
3. Oppfølging av politiske vedtak
4. Kompetanseutvikling
5. Økonomi – endring av rammevilkår

Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet på opplæringa i skulen» frå våren 2019 blei lagt fram for utvalet i september og for kommunestyret 21.10.20, sak 103/20. Saken blei tatt til orientering av utvalet og kommunestyret.

Utvalet har tinga ein prosjektplan om «Personalpolitikk og ansettelser» frå revisor for levering i 2021.

## **4.3 EIGARSKAPSKONTROLL**

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for 2020-2024 for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.10.20, sak 104/20. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- Generell eierstyring
- Nærings- og samfunnsutviklingsselskap
- Sauda Bedriftskapital AS

Tilsyn med selskap kan også gjennomførast ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap, og noverande avtale gjeld fram til 30.06.21.

Ny oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen. Det har vore revisorar til stades fysisk eller digitalt på alle møta i 2020.

På bakgrunn av orientering om at kommande anbudsprosess var blitt forsinka, bad kontrollutvala i Karmøy og Sveio sekretariatet om å leggje fram ei sak til august/septembermøtet om val av ulike revisjonsordningar.

Sekretariatet la då sak fram for alle kontrollutvala på Haugalandet og med to alternativ, anten å velje interkommunalt samarbeid eller å fortsette med konkurranseutsetting. Utvalet kom med innstilling om å velje eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS. Innstillinga blei lagt fram for kommunestyret i møtet 21.10.20, sak 105/20, og blei samrøystes vedtatt.

KPMG AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplaner for kommande rapporter og utarbeida rapportar.

#### **4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL (NYTT)**

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påse ....at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll».

KPMG AS kom med si uttale for regnskapsåret 2019 i haust (utsett frist i år) med eit nummeret brev til administrasjonen, da konklusjonen var negativ.

Revisor hadde føretatt ein kontroll innan området offentlege kjøp over kr 100.000 i driftsregnskapet.

Utvalet har bede om skriftleg tilbakemelding frå rådmannen innan 01.02.21 om avvika og sak vil bli lagt fram for utvalet i første møtet på nyåret.

#### **4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet tar opp.

Utvalet vedtok i februar møtet ein plan for orienteringar frå administrasjonen. I maimøtet orienterte rådmannen om sine ansvarsområde. Kommunalsjef for oppvekst og kultur orienterte i septembermøtet om sine oppgåver. I november orienterte kommunalsjef for helse og omsorg om sitt ansvarsområde.

Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

---

## 5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

---

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2020:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2019	BUDSJETT 2020 (utvalet)	REKNESKAP 2020
Godtgjersle og driftsutgifter	42 631	103 000	48 200
Revisjonstenester	557 866	550 000	379 728
Sekretariatstenester	177 000	183 000	183 000
Sum utgifter	<b>777 497</b>	<b>836 000</b>	<b>610 928</b>

Kontrollutvalet handsama i møtet 10.09.20 framlegget til budsjett for 2021. Totalt var framlegg til budsjett på kr 840 000 inklusiv mva. Budsjettet blei sendt kommunen for vidare oppfølging og skal ifølgje loven bli lagt fram for kommunestyret når budsjettet for kommunen blir handsama.

---

## 6. SEKRETARIAT

---

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i drift i 16 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019-2023 er Dagfinn Birkeland valt medlem i representantskapet med Hallgeir Amdal som varamedlem. Birkeland møtte som representant for Sauda kommune på det digitale representantskapsmøtet 27.04.20.

---

## 7. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2020 har vore nesten som planlagt. Berre eit av møta har vore digitalt og planarbeidet blei noko forsinka. FKT-konferansen i juni blei ikkje arrangert. Det er blitt utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

Utvalet sendte si innstilling på val av ny revisjonsordning og revidering av utvalet sitt reglement til kommunestyret. Kommunestyret har valt Rogaland Revisjon IKS som revisor og vil å gå inn som deleigar i selskapet frå 01.07.21.

Rapport om «Kvalitet på opplæringa i skulen» blei følgt opp av utvalet og kommunestyret. Utvalet har tinga eit nytt revisjonsprosjekt om «Personalpolitikk og ansettelser» for levering i 2021. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sauda, 11. februar 2021

Odd Magne Lønseth  
Leiar

Lillian Nordengen

Øyvind Djuv

Ola Magnar Birkeland

## VEDLEGG

---

### OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/20 Godkjenning av protokoll 21.11.19
- 02/20 Plan for orientering om enhetene og stab/støtte
- 03/20 Årsmelding for kontrollutvalget 2019
- 04/20 Referat- og orienteringssaker 13.02.20
  
- 05/20 Godkjenning av protokoll 13.02.20
- 06/20 Sauda kommune - uttale til regnskapet for 2019
- 07/20 Orientering fra administrasjonen – Fellestjenester
- 08/20 Reglementet til kontrollutvalget – endringer etter ny kommunelov
- 09/20 Referat- og orienteringssaker 14.05.20
  
- 10/20 Godkjenning av protokoll 14.05.20
- 11/20 Orientering fra administrasjonen – kommunalsjef oppvekst og kultur
- 12/20 Oppfølging av rapport – «Kvalitet på opplæringa i skulen»
- 13/20 Utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll 2020-2024 med risiko- og vesentlighetsvurderinger – 1. gangs behandling
- 14/20 Budsjett for 2021 – kontrollarbeidet i kommunen -utvalgets forslag
- 15/20 Referat- og orienteringssaker 10.09.20
- 16/20 Valg av revisjon fra 01.07.21 – konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid
  
- 17/20 Godkjenning av protokoll 10.09.20
- 18/20 Orientering fra administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg
- 19/20 Valg av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 20/20 Vurdering av revisors uavhengighet for 2020
- 21/20 Forenklet etterlevelseskontroll for regnskapsåret 2019 – revisors attestasjonsuttalelse
- 22/20 Revisjonsplan for regnskapsåret 2020
- 23/20 Forslag til møteplan for 2021
- 24/20 Referat- og orienteringssaker 19.11.20

#### Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2020
2. Fylkesmannen - informasjon om statlige tilsyn med kommunene i Rogaland 2020
3. Fylkesmannen – invitasjon til tilsynskonferanse i Rogaland – 14.02.20
4. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
5. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2019 og budsjett 2020
6. Tilbakemelding fra konferansen 09.01.20 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
7. Protokoll fra årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland
8. Orienteringsbrev om oppstart av arbeidet med ROV-vurderinger og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll – workshop 13.02.20 fra KPMG AS
9. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 3. – 4. juni på Gardermoen
10. Årsrapport og skatteregnskap for 2019 fra skatteoppkreveren i Sauda
11. Statusrapport pr. mai 2020
12. Protokoll frå ekstraord. representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 21.02.20



13. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 27.04.20
14. Kontrollrapport 2019 vedr. skatteoppkreveren for Sauda kommune
15. Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig? – Kommunal Rapport 22.04.20
16. Statusrapport pr. september 2020
17. KST vedtak 17.06.20, sak 57/20 – reglement til kontrollutvalget
18. KST vedtak 17.06.20, sak 65/20 – årsmelding 2019 fra kontrollutvalget
19. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
20. Protokoll fra representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS 10.06.20
21. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte» - Kommunal Rapport 17.08.20
22. Statusrapport pr. november 2020
23. KST vedtak 21.10.20, sak 103/20 – Oppfølging av revisjonsrapport «Kvalitet i skulen»
24. KST vedtak 21.10.20, sak 104/20 – Plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
25. KST vedtak 21.10.20, sak 105/20 – Valg av revisjon fra 01.07.21
26. Skifte av oppdragsansvarlig revisor – brev fra KPMG AS av 02.10.20
27. Protokoll fra repr. møte i Krisesenter Vest IKS 27.10.20
28. Medlemsinformasjon, november 2020 – fra FKT
29. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentanter kan delta digitalt i et ellers fysisk møte
30. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalget
31. Kommunedirektøren kan ikke endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollutvalget – svarbrev fra KMD 15.10.20
32. Foreløpig invitasjon til Forum for kontrollutvalg i Rogaland sin konferanse i Sandnes 25.02.21